



## Sogn og Fjordane krins av NBF



### Sonemeisterskap og kvalifisering til KM par 2018

Krinsen inviterer med dette til sonemeisterskap og kvalifisering til KM par.

Sonemeisterskapa vert arrangert tre stadar i fylket, og er ei turnering der ein i fremste rekkje skal kvalifisere seg for KM-finalen, og for dei beste, plass i NM par finalen.

Ein må vere medlem i ein klubb i krinsen pr. 31.12.2017 for å kunne kvalifisere seg til KM og NM.

Dei 32 beste para frå sonespelinga er kvalifiserte til finalen. Resultata frå dei 3 puljene vert samla i ei felles resultatliste. Dei 32 øvst på denne lista, er kvalifisert. Dersom nokon av desse 32 ikkje kan spele finalen, rykkjer nr 33 frå "samlelista" opp på kvalik-plass.

Ein kan delta på 2 soner, men ein må då gje beskjed før start, første sone, om kva for sone som skal gjelde som kvalifisering til KM. Gje beskjed på sona dersom du ikkje vil delta i finalen.

Finalen vert arrangert som 1-dags turnering , laurdag 3. mars. Førdehuset, festsalen

Påmelding innan 30.12 til Hafslo, 31.12 til Eid, og innan 13.01. til Førde

**HAFSLO, Samfunnshuset: Laurdag 06. januar kl 10.30.** [Link til påmelding](#)

Kontaktperson: Willy Myhre, 90192277

**NORDFJORDEID, Bryggen Hotell: Søndag 07. januar kl 10.30.** [Link til påmelding](#)

Kontaktperson: Knut Skorpen, 90611355

**FØRDE, Peisestova, Førdehuset: Laurdag 20. januar kl 10.30.** [Link til påmelding](#)

Kontaktperson: Knut Skorpen, 90611355

Startavgift: kr 300, juniorar: kr 200,- skal betalast i spelelokalet.

Premiering: Pengepremiar til dei 3 beste para i kvar sone.

Startavgift for KM-finalen (kr 350,- pr. spelar) vert fakturert direkte til klubbane.

Heimeside til [krinsen](#)